



## MØTEINNKALLING

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 02.09.2014  
**Tid:** 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

**I starten av møtet vert det ei orientering v/lgesund Eigedom.**

Fosnavåg, 26.08.2014

Arnulf Goksøyr  
ordfører

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 132/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 133/14	Protokoll frå førre møte
PS 134/14	Delegerte saker
PS 135/14	Referatsaker
PS 136/14	Kommuneplan 2013 - 2025 - Arealdel - handsaming av motsegn
PS 137/14	Høringssvar - plikt til å stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 29/14	Søknad om skjenking for uteareal - Madelynn
DS 30/14	Sal av gnr 45 bnr 154
DS 31/14	Sal av tomt 60/430 - Tømrer Prosjekt AS
DS 32/14	Søknad om å ta skjenkeløyve ut av lokale under Maritim sommardagar - Hotel Neptun
DS 33/14	Søknad om endra skjenketid - Madelynn Coffee
DS 34/14	Søknad om servering og skjenkeøyve Fosnavåg Rock
	Referatsaker
RS 43/14	TV-aksjonen NRK Kirkens Nødhjelp 2014 - Oppfordring til bidrag

PS 132/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 133/14 Protokoll frå førre møte

PS 134/14 Delegerte saker

PS 135/14 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2012/7
		Arkiv:	143

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
136/14	Formannskapet	02.09.2014

### KOMMUNEPLAN 2013 - 2025 - AREALDEL - HANDSAMING AV MOTSEGN ETTER 2.GONGS OFFENTLEG ETTERSYN

#### Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet, som styringsgruppe for kommuneplanen sin arealdel, gjev «arbeidsgruppa for kommuneplanen sin arealdel» mandat til å gå til mekling med Fylkesmannen i Møre og Romsdal på fylgjande område:

- Nauststorleik over 40 m<sup>2</sup> (BRA)
- AN-D1 Myrvåg
- B49 Stokksund
- B1 og FB2 Kvalsund
- § 4.3 LNF- område for spreidd utbygging

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset, 6404 MOLDE  
Fylkeshuset, 6404 MOLDE

Vedlegg

- 1 Fråsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, dagsett 20.8.2014
- 2 Fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune, dagsett 20.8.2014

### Saksopplysningar:

Kommuneplanen sin arealdel, førebels prosess:

Utvalssak	Utval m.m	Emne	Dato
79/11	Kommunestyret	Vedtak om oppstart	22.6.2011
		Høyring av planprogram: 1.7.2011-26.8.2011	
148/11	Kommunestyret	Stadfesting av planprogram	17.11.2011
133/13	Kommunestyret	Vedtak om 1.gongs offentleg ettersyn	24.10.2013
		Høyring av arealdel: 1.11.2013-10.1.2014	
	Kommunestyret	Orienteringssak til Kommunestyret	24.4.2014
	Administrasjon	Gjennomføring av forhandlingsmøte med regionale instansar	4.4.2014 og 7.4.201
	Arbeidsgruppa	Gjennomføring av 2.forhandlingsmøte med fylkesmannen	13.5.2014
81/14	Formannskapet	Vedtak om 2.gongs offentleg ettersyn. Inst.	
71/14	Kommunestyret	Vedtak om 2.gongs offentleg ettersyn	19.6.2014
		2.Høyring av arealdel: 27.6.2014 - 15.8.2014	
	Arbeidsgruppa	Meklingsmøte med Fylkesmannen	(15.9.2014)
	Formannskapet	Vedtak av kommuneplanen sin arealdel. Inst.	
	Kommunestyret	Vedtak av kommuneplanen sin arealdel	

Kommunestyret gjorde i møte 19.6.2014 K-sak 71/14 vedtak om å leggje forslag til kommuneplanen sin arealdel ut til 2.gongs offentleg ettersyn i perioden 27.6.2014 – 15.8.2014.

Ved 2.gongs offentleg ettersyn kom det inn 27 merknadar til planforslaget som låg ute. Av desse var 20 private merknadar og sju fråsegner frå offentlege instansar.

### Motsegn til planen

Møre og Romsdal fylkeskommune har i sitt brev dagsett 20.8.2014 trekt sine motsegner til planen og planen kan for deira del eigengodkjennast.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fremja på ny fem motsegner på fylgjande område:

#### 1. Nauststorleik over 40 m<sup>2</sup> (BRA)

Utdrag frå motsegna dagsett 23.1.2014:

*Føresegna opnar for at naust kan førast opp med BRA inntil 60 m<sup>2</sup>. Dette er i strid med råda Fylkesmannen legg til grunn for utforming av naust der maksimal nauststorleik i kommuneplan er satt til 40 m<sup>2</sup> (BRA). Råda er fastsett for å sikre ei langsiktig og berekraftig forvaltning av arealbruken i kystsona med omsyn til ålmenne interesser, jfr det generelle byggeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8. Fylkesmannen har på denne bakgrunn motsegn til at det i kommuneplanen er ei generell opning for naust på over 40 m<sup>2</sup> (BRA).*

#### 2. AN-D1 Myrvåg

Utdrag frå motsegna dagsett 23.1.2014:

Deponiområde ligg innafør det nasjonalt prioriterte kystkulturlandskapsområde fjordlandskapet i Herøy, Ulstein og Hareid. Skjergarden her med vikar og bukter, holmar, små øyar og skjer er viktig område for det sjøbaserte friluftslivet. Makrellvågen er viktig viltområde, både for oter som er raudlista (VU). Lokaliteten er fast beiteplass for gråhegre og stokkand som hekkar i nærleiken, likeeins beitar ærfugl. Meir uregelmessig beiting av grågås, tjeld og raudstilk. Av og til beitar songsvaner i vinterhalvåret. Sjøbotnen i Makrellvågen består av den sjeldsynte naturtypen undervassenger med ålegras. Utfyllinga er ikkje vurdert i høve forvaltningsmåla for artar, økosystem og naturtypar i naturmangfaldlova. Fylkesmannen reiser **motsegn** til avgrensinga av området som medfører utfylling i sjø og er negativt for friluftsliv, landskap og biologisk mangfald.

### 3. B49 Stokksund

Utdrag frå motsegna dagsett 23.1.2014:

Synfaringa synte at område tydeleg er nytta av oter. Oteren er oppført som sårbar (VU) på Norsk rødliste for artar 2010. Forslaget opnar for bustadbygging på eit markert høgdedrag og eit bratt berg mot sjøen på sørsida av Storeneset. Landskapsmessig vil busetnad innafør hundremetersbeltet bli svært eksponert. Fylkesmannen reiser **motsegn til** bygging innafør hundremetersbeltet på gnr. 56 bnr. 80 og gnr. 55 bnr. 2. Fylkesmannen reiser også **motsegn til** at planen opnar for busetnad heilt ned mot sjøen på nordsida av Storeneset. Ny busetnad må her avgrensast til det næraste arealet langsmed vegen.

### 4. B1 og FB2 Kvalsund

Utdrag frå motsegna dagsett 23.1.2014:

Område ligg rett aust for allereie regulert område, der det ifølgje ortofoto ikkje er fullt utbygd. Område har om lag 14 dekar fulldyrka jord og beitemark, og ligg innanfor det som er vurdert som kjerneområde for landbruk og i planen er kartlagt som omsynssone landbruk. Vi kan ikkje sjå at det er god arealforvaltning å nytte dette samanhengande jordbruksarealet til utbygging. Det ligg eit større område nord for vegen som er sett av til spreidd utbygging. Det er sløsing med jordressursar å legge opp til spreidd utbygging innanfor eit så stort område, og samstundes legge ut eit område for tett busetjing på gode arealressursar like ved. Når det gjeld FB2, er det heller ikkje god arealforvaltning å legge fritidsbustader på matproduserande areal. Vi fremjer motsegn mot B1 og FB2.

### 5. § 4.3 LNF- område for spreidd utbygging

Utdrag frå motsegna dagsett 23.1.2014:

Når det gjeld føresegnar for LNF-område der spreidd utbygging vert tillate, er desse for lite spesifikke. Formuleringane må vere klare og eintydige. Bustadtomter skal ikkje plasserast på dyrka jord, og dei skal heller ikkje fragmentere jordbruksareal verken i seg sjølv eller gjennom vegtilknytning. Dersom det ikkje let seg gjere å finne slike tomter innanfor areal sett av til LNF-spreidd, bør ikkje arealet leggast ut som LNF-spreidd. Vi fremjer difor motsegn mot føresegnene for LNF-spreidd slik dei er utforma no.

### Vurdering og konklusjon:

Utdrag frå tidlegare vurdering av områda det er varsla motsegn til:

#### 1. Nauststorleik over 40 m<sup>2</sup> (BRA)

Utdrag frå Planomtalen:

*Herøy er ei kommune med ei sterk maritim historie og dette medfører mange område med sterke nausttradisjonar i dei ulike bygdene. Kommunen ser likevel at bruken av nausta har endra seg frå den tradisjonelle bruken med oppbevaring av båt, fiskevegn og anna fiskerelatert utstyr til opphald og overnatting. Kommunen har derfor i denne kommuneplanen definert forskjellen mellom eit naust (i tradisjonell forstand) og fritidsbustadar ved sjøen som berekna på overnatting. På grunn av konflikt mellom nausteigarar eigarar av fritidsbustadar har ein sett behovet for å setje av område til naust og andre område til fritidsbustadar og unngå ei for sterk samanblanding av desse to føremåla. Det er likevel opna for at nokre område har eit kombinert føremål, både naust og fritidsbustad.*

Vurdering:

*Kommunen ser at utviklinga går i den retning at nausta kan få svært varierende storleik. Nokre vil ha behov for naust under 40m<sup>2</sup> for oppbevaring av utstyr til fiske og friluftsliv, men andre vil ha behov for større naust enn 40m<sup>2</sup> for lagring av båt.*

Ref. frå avklaringsmøte mellom HK og FM 7.4.2014:

*Fylkesmannen viser til at ved å halde nauststørrelsen på rundt 35m<sup>2</sup> - 40m<sup>2</sup> vil det ikkje opnast for å innreie loft for anna bruk. Herøy kommune meiner nauststørrelsen må tene føremålet. Dersom det er behov for eit naust på 60m<sup>2</sup> for å oppbevare båt bør dette tillast.*

## **2. AN-D1 Myrvåg**

Vurdering:

*Arbeidsgruppa vil behalde N3, N4 og AN-D1 i forslag til arealdel slik det ligg inne. Tilkomst til områda må avklarast seinare ved detaljplanlegging av områda. Myrvåg er eit viktig område for etablering av industri og næring som vil liggje sentralt plassert for heile søre Sunnmøre og samfunnsinteresser bør vege tyngst for utviklinga av desse områda.*

## **3. B49 Stokksund**

Vurdering:

*Område vert avgrensa mot sjøen og i forhold til det myrområde som ligg på B49. Arbeidsgruppa vil leggje til rette for at ein kan etablere fleire bustadar på Storneset langs kommunevegen slik det er i dag. Utviklingsavdelinga lagar eit forslag til avgrensing mot sjøen i nord og sør.*

Vedtak i Kommunestyret 19.6.2014:

- *Heile Storeneset vert gjort om til Kan-område (sagt på talarstolen skulle område endrast tilbake til slik det var ved 1.gongs offentleg ettersyn).*

## **4. B1 og FB2 Kvalsund**

Vurdering:

*B1 og FB2 er tenkt som ei vidareutvikling av detaljreguleringsplanen for 201280 KOPARSTAD og eit viktig område for fritid, turisme og hytter langs sjøen. Satsing på fritidsbustadar med tilknytning til sjøen er ei strategisk satsing som også er nedfelt i kommuneplanen sin samfunnsdel.*

## **5. § 4.3 LNF- område for spreidd utbygging**

Vurdering:

*Føresegna, slik som ho er utforma, sikrar at det skal takast omsyn til «verdifull dyrka jord» innanfor LNF-område der spreidd utbygging vert tillate.  
Arbeidsgruppa er samd med utviklingsleiaren og syner til nyleg vedteken arealdel for Sykkylven kommune som har ei tilnærma lik føresegn for LNF-område der spreidd utbygging vert tillate.*

Herøy kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje kome til einigheit på fem punkt der det er fremja motsegn og kommunen ber derfor om at det vert gjennomført meklingsmøte med Fylkesmannen.

Formannskapet, som styringsgruppe for kommuneplanen sin arealdel, gjev «arbeidsgruppa for kommuneplanen sin arealdel» mandat til å gå til mekling med Fylkesmannen i Møre og Romsdal på fylgjande område:

- Nauststorleik over 40 m<sup>2</sup> (BRA)
- AN-D1 Myrvåg
- B49 Stokksund
- B1 og FB2 Kvalsund
- § 4.3 LNF- område for spreidd utbygging

Konsekvensar for folkehelse:

Ikkje relevant.

Konsekvensar for beredskap:

Ikkje relevant.

Konsekvensar for drift:

Ikkje relevant.

Fosnavåg, 21.08.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn





Herøy kommune  
postboks 174  
6099 FOSNAVÅG

## Herøy kommune Kommuneplan arealdel 2013 - 2025 Fråsegn ved 2. gongs offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### KONSEKVENSENTGREIINGA

Det er gjort ei konsekvensutgreiing av nokre nye område sidan første gongs offentleg ettersyn, og arbeidet som er gjort no er meir oversiktleg og generelt av høgare kvalitet. Vi har difor ikkje merknader til denne vurderinga.

### PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

#### Generelt

Fylkesmannen hadde ei rekke motsegner til første gongs offentleg ettersyn; jf. vårt høyringssvar i brev av 23.01.2014. Etter dette har det vore gjennomført synfaringar i lag med kommunen og arbeidsmøte i Molde 07.04.2014 og i Fosnavåg 13.05.2014. Vi vil gje ros til kommunen for det arbeidet som er gjort i høve til å få til ein god dialog, samt vilje til å medverke til justeringar av planutkast og finne kompromissløyser. Med dette er dei fleste motsegnene rydda av vegen.

#### Vurdering av nye eller endra område i nytt forslag til arealdel til kommuneplanen:

#### Natur- og miljøvern

##### AN/FR1, FH1, FR1 på Kvalsund.

Vi har ikkje vore på synfaring her, og ut frå flyfoto og kart kan det sjå ut som at det er eit delvis kupert område som er føreslege som hytteområde. Området er også eksponert mot Fosnavåg. Vi meiner det er konfliktfylt landskapsmessig å bygge på haugane, men at dette kan avklarast på reguleringsplannivå ved at byggeområdet blir tilpassa terrenget.

Når det gjeld lokalisering av rorbuer, meiner vi at området er eigna for føremålet då det er veg der frå før og ikkje er i konflikt med spesielle ålmenne interesser. Det er avsett ei noko lang strandsonestrekning til føremålet. Kor vellukka eit slik prosjekt vil bli er avhengig av god arkitektur og landskapstilpassing. Vi vil tilrå at ein plasserer rorbueene i mindre grupper med tilfredstillande opningar mellom. Vi vil ikkje reise motsegn til denne delen av planen, men det er viktig at det blir lagt føringar for reguleringa av desse områda gjennom kommuneplanen sine føresegner. I føresegnene for naust er det lagt inn maksimum samla naustareal på 480 m<sup>2</sup>, der

ein skal ha ei opning på 8 meter til neste gruppe. Det bør vere noko liknande for rorbuer, då fritidsbygg medfører langt større grad av privatisering enn naust.

### **FB21, FR2 på Leikong**

Området er sterkt nedbygd frå før med molo, naust, vegar, kaier, parkeringsplass m.v. Det blir føreslege ei ytterlegare fortetting av området. Vi ser positivt på at kommunen ønskjer å samle inngrepa og opne for at eit eksisterande naustområde kan endre planstatus til fritidshus/rorbuer. Vi vil tilrå at ein opprettheld dei opningane som er mellom nausta i dag og at ein ikkje bygger igjen område mellom 82/28, 82/27 og 82/1, men at dette blir eit fellesområde. Dette må avklarast gjennom reguleringsplan.

**B61 på Bergsøya**– ingen merknader.

**N24 på Bergsøya** – ingen merknader

**AN/FR2 på Bø** – ingen merknader

**Tunnell og tursti – Bergsøya** – ingen merknader

**Motsegner knytt til natur- og miljøverninteresser etter første og andre gongs offentleg ettersyn og dei to arbeidsmøta er:**

- Nauststorleik over 40 m2 BRA
- AN-D1(deponi) Kommunen har redusert utfyllingsområde mot sjøen, men vi meiner lokaliseringa er svært uheldig.
- B 49 Stokksund (Var einig på arbeidsmøte 07.04.2014 om at motsegna her var vurdert som avklart).

### **Landbruk**

Ut frå landbruksinteressene har vi ikkje merknader til dei nye eller vesentleg endra områda i det nye planframlegget. Vi har likevel merknader til omsynssone friluftsliv, som det ligg framlegg om i det nyaste planutkastet. For H530, omsynssone friluftsliv innanfor LNF-områder der det er aktivt landbruk, kan det lett oppstå konflikter mellom ulike interesser. Dette gjeld til dømes der det innanfor omsynssona er aktivt beitebruk. Dette kan løysast til dømes ved at ein i føresegnene for omsynssona presiserer at det skal kunne utøvast aktiv landbruksverksemd innanfor sona, og at omsyna til friluftsliv ikkje skal legge restriksjonar på bruk av arealet til landbruksnæring.

Når det gjeld dei motsegnene som ligg føre frå første utlegging til offentleg ettersyn, og der kommunen har endra området for å kome Fylkesmannen i møte, har vi gjort følgjande nye vurderingar:

**B53, Bergsøya:** Med dei endringane som kommunen har gjort, er arealet lengst aust behalde som LNF, noko som er positivt. Vi oppmodar likevel om at ein trekkjer bustadområdet enda noko lenger mot vest, for å unngå nedbygging av det relativt bra arronderte jordbruksarealet som i det nye planutkastet ligg lengst aust. Vi finn uansett at grunnlaget for motsegn ikkje lenger ligg føre.

**B21, SB27:** Espeset: Med dei endringane som er lagt fram i siste utkastet, der bustadområdet sør for vegen er tatt bort, finn vi å kunne trekkje motsegna.

**B2, Kvalsund:** Vi oppmodar om at området smalnast inn både frå aust og vest, slik at den 7-8 dekar store teigen lengst vest og det nokon 11 lunde samanhengande arealet på austsida takast ut av bustadområdet. Vi ser likevel at mange tidligare vedtak om frådellingar har fragmentert jordbruksarealet her, og området er dessutan utanfor kjerneområde landbruk. Vi vil ut frå dette trekke motsegna for B2.

**Motsegner knytt til landbruksinteresser etter første og andre gongs offentleg ettersyn og dei to arbeidsmøta er:**

- B1-Kvalsund (bustad)
- FB2 –Kvalsund (fritidsbustad)
- § 4.3 LNF- område for spreidd utbygging

### **Oppsummering**

Etter første (jf. vårt høyringssvar av 23.01.2014) og andre gongs offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel 2013 – 2025 har Fylkesmannen følgjande motsegner til planen:

- Nauststorleik over 40 m2 (BRA)
- AN-D1
- B 49 Stokksund
- B1 og FB2 Kvalsund
- § 4.3 LNF- område for spreidd utbygging

Av totalt 34 motsegner ved første gongs offentleg ettersyn står ein no att med desse 5. Begge partar har strekt seg langt for å få til konfliktavklaringar, noko vi i samarbeid har lykkast med. Vi vonar kommunen kan finne forslag til løysingar for dei motsegnene som står att, slik at kommuneplanen kan eigengodkjennast i haust.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
ass. fylkesmann

Sveinung Dimmen  
samordnar

### **Fagsaksbehandlar**

Landbruk: Rådgivar Kari Bjørnøy, tlf: 71258122

**Kopi:** Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

FYLKESRÅDMANNEN

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/7	24.06.2014	44636/2014/KOMMUNEPLAN	Johnny Loen, 71 25 82 88	19.08.2014

## Herøy kommune - kommuneplan - arealdel 2013-2025 - fråsegn ved offentlig ettersyn (andre gong)

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til motsegn gitt i brev 31.1.14 og har i samband med revidert planforslag følgjande merknader:

### KONSEKVENSGREIINGA

Dei momenta vi peikte på ved første gongs offentlig ettersyn er tekne til følgje. Ut frå talet på nye arealbruksforslag er KU-dokumentet langt, men framstår trass dette som svært systematisk og oversiktleg, og viser ut frå plannivået eit tilstrekkeleg og realistisk bilete for alle tema som synest naturleg å drøfte. Vi har ikkje lenger vesentlege planfaglege merknader til konsekvensutgreiinga som etter vår vurdering eit godt grunnlag for vedtak om plan. Motsegn knytt til konsekvensutgreiinga er å sjå som trekt.

### PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

#### Automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid

Herøy kommune har ved denne høyringa valt å vise automatiske freda kulturminne, nyare tids kulturminne og kulturmiljø på eit eige temakart. Vi meiner det beste ville vere å syne desse i sjølve plankartet, men har forståing for at det i mange område vil bli mange lag og eit uryddig bilete. Temakartet som er sendt på høyring gir eit godt oversyn, men er i dårleg oppløysing. Det er til dømes ikkje råd å sjå om det er innarbeidd eit kulturmiljø (H570) kring naustufta i Tjørnvågen, eller om kartfestinga og avgrensinga av lokalitetane (H730) stemmer. Dersom ein vel å vise kulturminna på eit eige temakart, vil vi føresetje at desse kan bli vist i same oppløysing som hovudkartet og at temaa vil vere tilgjengeleg som eige lag i digitale kartløyser (jf. 1. gongs offentlig høyring).

Vi er elles godt nøgd med at Herøy kommune har teke alle motsegnene til etterretning, med unntak av B16 ved Eggesbønes. Her er det i staden for nytt bustadområde lagt inn eit nytt næringsareal. Vi viser til vår tidlegare fråsegn til dette, datert 28.04.2014, der vi gir aksept, men samstundes presiserer at det ikkje er gitt dispensasjon for dei registrerte kulturminna. Det må med andre søkast om dispensasjon for desse og eventuelt hittil ukjende kulturminne i samband med reguleringsplanlegging, eventuelt byggjesak.

Våre krav til føresegner er i stor grad innarbeidd kva gjeld innhald, men for å få eit meir presist og oversiktleg planverk vil sterkt rå til at desse blir omskrive/omplassert på følgjande måte:

## 2.20 Kulturminner og Kulturmiljø (jf Pbl § 11-9 nr 7.)

Ved utarbeiding av reguleringsplanar og anna utbygging skal eventuelle kulturminne og kulturmiljø skildrast i planomtalen, og det skal visast korleis ein har søkt å ta omsyn til desse. Dersom kulturminne eller kulturmiljø blir råka av tiltaket, eller tiltaket kan verke inn på hittil ukjente automatisk freda kulturminne, skal saken leggst fram for regional kulturminnemynde (jf. PBL § 11-9, nr. 7 og Kulturminnelova (KML) § 8, 1. og 4. ledd.). Tiltakshavar har undersøkingsplikt, og det kan bli stilt krav om arkeologisk registrering, jf. KML § 9 og 10.

Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekt automatisk freda kulturminne, eller det viser seg at tiltaket kan verke inn på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast og regional kulturminnemynde orienterast for ei nærare gransking på staden, jf. KML § 8, 2.ledd.

Tiltak som rører ved kulturminne eller kulturminna sine omgjevnader skal utformast med omsyn til kulturminnet. Tiltak skal ha gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og med omsyn til tiltaka sin funksjon og tiltaka sine bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Endring av eksisterande byggverk, oppussing og rehabilitering skal ta omsyn til historisk, arkitektonisk eller annan kulturell aktivitet. Verneverdige enkeltbygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad bli tatt vare på som bruksressurs og bli sett i stand.

## 5. Bruk og vern av sjø og vassdrag (jf. Pbl. § 11-7 nr 6)

Før det vert føreteke inngrep i sjøbotnen, skal saka eller tiltaket leggst fram for Bergens Sjøfartsmuseum som rette mynde etter forskrift til lov av 9. juni 1978 nr. 50 om Kulturminner, § 14. Bergens Sjøfartsmuseum kan krevje å undersøke om det kan være skipsfunn eller marine kulturminne i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekkje utgiftene til undersøkingane.

Dette gjeld særleg på følgjande område:

- Sjøbotnområde på Runde, med mellom anna Akerendamfunnet
- Området kring Flåvær fyr
- Området kring Skorpa

## 6. Omsynssone (jf. Pbl § 11-8)

Automatisk freda kulturminne (H730) (jf. Pbl § 11-8 pkt. d)  
Områda er automatisk freda, jf. Kulturminneloven (Kml) §§ 4 og 6. Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekkje, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminna innanfor desse områda, utan løyve til inngrep frå kulturminnemynda jf. Kml §§ 3 og 8. Automatisk freda kulturminne som ligg innanfor områda vist som utbyggingsområde (bygg og anlegg, samferdsel og teknisk infrastruktur) skal, med tilstrekkelig vernesone, jf. Kml § 6, bevarast gjennom bruk av omsynssone i kombinasjon med grøntområde/friområde eller liknande i framtidig område/detaljregulering.

Herøy mellomalderkyrkjestad (ID 84565) (H730) (jf. Pbl § 11-8 pkt. d)  
Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945.

*Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.*

*Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagd sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar.*

*Kulturmiljø (H570) (jf. Pbl § 11-8 pkt. c)*

*I verdifulle kulturmiljø kring utvalte automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne skal det først ein streng dispensasjonspraksis. Områda har stort potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne. Det er viktig å opprette den visuelle opplevinga av landskapet som grunnlag for kunnskap og oppleving. Alle tiltak skal sendast regional kulturminnestyresmakt for vurdering.*

### **Friluftsliv**

Område FT4 og FB5 på Runde er redusert i den forstand at areala mot sjøen no er utelatne frå byggjeføremålet og oppretthaldne som LNF. Vi har ikkje lenger innvendingar og motsegna er å sjå som trekt.

Når det gjeld områda FH1 og FR1 på Kvalsund, er planomtale og KU supplert noko. I tillegg har kommunen konkret drøfta og konkludert om kva område i strandsona som er særskilt viktig for friluftslivet. FH1 og FR1 høyrer ikkje til desse. Vi vel derfor også å trekke denne delen av motsegna.

### **Barn og unge**

Det er gitt utgreiingar om verknader for barn og unge i eigne punkt for alle arealbruksforslaga. Vi har ikkje lenger merknader.

### **Planfagleg vurdering**

§ 4.3 er endra slik vi ba om ved første gongs offentlege ettersyn. Motsegna på dette punktet er å sjå som trekt.

### **Konklusjon**

Motsegn gitt i brev datert 31.1.14 er i det nye planforslaget etterkome på alle punkt. Motsegna er såleis å sjå som trekt og planforslaget kan eigengodkjennast for vår del.

Vi vil likevel sterkt rå til ei omformulering/omplassing av føresegner gitt til omsynsonene, jamfør detaljerte merknader ovanfor.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik

Fagsaksbehandler

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf 71 25 89 03

Kulturminne frå nyare tid: Toril Moltubakk, tlf 71 25 89 28

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt

Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



NAV Herøy

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	BERLYN	Arkivsaknr:	2014/939
		Arkiv:	F10

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
33/14	Komite for Helse og omsorg	21.08.2014
137/14	Formannskapet	02.09.2014

### HØRINGSSVAR - PLIKT TIL Å STILLE VILKÅR OM AKTIVITET VED TILDELING AV ØKONOMISK STØNAD

#### Møtebehandling:

NAV-leiar Berit Lyngstad orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 21.08.2014

1. Herøy kommune stiller seg positiv til forslaget om plikt til å stille vilkår om aktivitet.
2. Ved ei lovendring må aktuelle avdelingar samarbeide om relevante aktivitetstilbod
3. Det må påreknast omkostningar i form av meir sakshandsaming og ressursar til utvikling av tiltak og oppfølging av personer i aktivitet

#### Tilråding frå rådmannen:

4. Herøy kommune stiller seg positiv til forslaget om plikt til å stille vilkår om aktivitet.
5. Ved ei lovendring må aktuelle avdelingar samarbeide om relevante aktivitetstilbod



- 6. Det må påreknast omkostningar i form av meir sakshandsaming og ressursar til utvikling av tiltak og oppfølging av personer i aktivitet**

Særutskrift:

Arbeids- og sosialdepartementet

## Vedlegg:

### Høringsbrev – plikt til å stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad – endring i lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningens § 20

#### **Saksopplysningar:**

Personar som ikkje kan sørgje for sitt eiga livsopphald gjennom arbeid eller ved å gjøre gjeldande økonomiske rettar, har krav på økonomisk stønad, jf lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 18. Stønaden er samfunnets nedre sikringsnett, og er primært tenkt brukt i situasjonar med kortvarig behov for inntektssikring. Varig inntekt skal sikrast gjennom arbeid, sjølvstendig næringsverksemd, studiestøtte, forsørging eller ytingar frå folketrygda.

I lovas § 20, gis kommunane moglegheit, men ikkje plikt, til å stille vilkår om aktivitet:

#### § 20 Bruk av vilkår

*Det kan settes vilkår for tildeling av økonomisk stønad, herunder at mottakeren skal utføre passende arbeidsoppgaver i bostedskommunen. Vilkårene må ha nær sammenheng med vedtaket. De må ikkje være uforholdsmessige byrdefulle for stønadsmottaker eller begrense hans eller hennes handle- eller valgfrihet på en urimelig måte. Vilkårene må heller ikke være i strid med andre bestemmelser i loven her eller andre lover.*

I dag må NAV argumentere for dei vilkåra som blir stilt. I forslaget til ny lov vil dette bli snudd på hovudet: vilkår om aktivitet vil gjelde for alle som søker økonomisk stønad, og det er NAV som må argumentere for kvifor ein ikkje skal stille vilkår om aktivitet. Dette kan t.d gjelde dei som motteke stønad som supplement til anna inntekt eller andre ytingar, at personen eigentleg er sjølvhjulpen men treng hjelp i ei overgangperiode eller ved sjukdom.

#### **Dagens praksis**

NAV Herøy brukar ofte vilkår, t.d om å møte til samtale, om å ta i mot økonomisk rettleiing, om å registrere seg som arbeidssøkande, og om å søkje jobbar og føre jobblogg. Vi brukar i svært liten grad vilkår om arbeidsrelatert aktivitet. Dette skuldast først og fremst at vi ikkje har eit tilrettelagt tilbud i kommunen. Men det er også arbeidskrevjande å skulle finne eit høveleg aktivitetstilbod til personar som skal vere i aktiviteten i kort tid, som kan vere lite motivert for arbeidsoppgåvene, eller som ikkje møter (og dermed bryt vilkåret for stønad). Det har vore dialog med andre avdelingar i kommunen om eit samarbeid rundt dette, men det er få som har kapasitet og ressursar til anna ut over ordinær drift.

NAV Herøy har gode erfaringar med samarbeid med næringslivet i kommunen. Gjennom ulike tiltak har mange ungdommar fått prøve seg ut i ulike typar arbeid, fått erfaring og sjølvtilitt til å kome seg vidare. Ved innføring av aktivitetsplikt vil tiltaksplass/praksisplass i det ordinære arbeidslivet vere løysinga for nokre, men ikkje alle.

#### **Tidligere erfaringar**

Sosialtenesta i Herøy hadde i 2004-2008 eit prosjekt «Arbeid for sosialhjelp». 0,5 årsverk var satt av til å skaffe høveleg arbeid for personar som søkte økonomisk stønad. I ein rapport frå 2007 (sjå vedlegg) ser vi at av 27 deltakarar, hadde 24 fått

praksisplass, skuleplass eller ordinært arbeid. For dei fleste blei arbeidsplikta ein måte å prøve seg ut, skaffe seg erfaringar og ikkje minst få ei oppleving av mestring.

Kvinesdal kommune vedtok ei arbeidsplikt for søkjarar av økonomisk stønad allereie i 2012. I sitt svar på denne høringa seier dei:

*«Kvinesdal kommune innførte aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakere juli 2012. Den enkelte sosialhjelpsmottaker blir fulgt opp av arbeidsleder der det utføres enklere vedlikeholdsoppgaver i kommunen, eller deltaker blir utplassert i enheter eller bedrifter med oppfølging av arbeidsleder. Det jobbes tidlig med kartlegging for å få sosialhjelpsmottakere over i utdanning, ordinært arbeid eller kvalifisering. Hensikten er at den enkelte deltaker skal få struktur, oppfølging og mestring. En evaluering etter ca 1 år viste at 21 av 22 deltakere som deltok i aktivitetsplikten hadde kommet over i arbeid, kvalifiseringsprogram eller ordinær utdanning. 1 flyttet til annen kommune. Hovedvekten har vært menn under 25 år med manglende utdanning eller yrkeserfaring. Det har ikke innkommet klage på vedtak om aktivitetsplikt. Deltakerne har også gitt uttrykk for at de trives.»*

I høringsnotatet viser ein også til ei kartlegging kor «de kommunene som i dag driver systematisk bruk av vilkår om deltakelse i aktivitet melder om gode resultater mht overgang til arbeid».

### **Målgruppe**

Det kjem fram av forarbeida til lova at vilkår om å utføre arbeidsoppgåver for opphaldskommunen særleg tek sikte på unge stønadsmottakarar som ikkje har andre tilbod frå NAV. Erfaringane frå vårt eige prosjekt og NAV Kvinesdal, viser at det først og fremst er ungdom under 25 år aktivitetsplikten gjelder.

I 2013 var det 30 personar under 25 år som mottok økonomisk stønad to eller fleire gongar frå NAV Herøy. Då er det ikkje medrekna flyktningar eller personar som mottok stønad berre ein gong. Til saman blei det utbetalt 1,6 million til denne gruppa. I første halvår 2014 har 25 personar under 25 år mottatt økonomisk stønad to eller fleire gongar. Utbetalt beløp er til saman om lag kr. 600 000. Dette er ein auke frå 2011 og 2012, kor samanliknbare tal er 21/655 000 og 26/690 000.

Årsakene til auken er fleire. Men først og fremst handlar det om ei generell samfunnsendring kor det er svært vanskeleg å skaffe seg jobb utan utdanning eller relevant yrkeserfaring. Svært ofte må denne målgruppa ha hjelp i form av tiltaksplass/praksisplass eller ulike former for kompetanseheving. Mange i målgruppa har også få opplevingar av mestring og har mista trua på eit dei kan gjere nytte for seg og få eit arbeid.

### **Konsekvensar av lovendring**

#### a) Administrative konsekvensar

Ved ei lovendring må Herøy kommune kunne dokumentere at vi har rutinar for vurdering av aktivitetsplikt og kontroll med at rutiane følgjast. Plikt til å vurdere vilkår om aktivitet vil gjelde for kvar enkelt søknad. Overfor langtidsmottakarar må ein jamleg vurdere om stønadsmottakarens situasjon, behov og moglegheiter er endra. Regjeringa viser til at forslaget om lovendring vil gjere det meir arbeidskrevjande for NAV-kontora enn gjeldande rett, sjølv om det opnast for enkel handsaming i saker der det openbart ikkje er riktig med denne typen vilkår.

#### b) Økonomiske konsekvensar

Dei kommunane som i dag har ein praksis med å setje vilkår om aktivitet, brukar

også ressursar på ordninga. I Bergen kommune er særskilte tiltak til denne målgruppa budsjettert med 6 million (2014). I Herøy kommune var prosjektet i 2008 budsjettert med 0,5 årsverk.

Regjeringa er klar over denne konsekvensen. I høringsnotatet skriv dei:

*«De økonomiske konsekvensene for kommunene vil variere med hvilken praksis kommunene har i dag. Kommuner som i dag i liten grad stiller krav om aktivitet vil få økte utgifter forbundet med å etablere aktivitetsrettede tiltak. På den annen side er potensialet for innsparinger ved at fleire stønadsmottakere kommer ut i jobb størst i disse kommunene.»*

### **Vurdering og konklusjon:**

Ut frå talet på ungdom som motteke økonomisk stønad, den generelle utviklinga på arbeidsmarknaden og moglegheitene for reduserte utgifter til økonomisk sosialhjelp, stiller rådmannen seg positivt til forslaget. Dei administrative konsekvensane i form av meir sakshandsaming, vil NAV-kontoret handtere med dagens nivå på ressursar og tilsette. Ressursar til utvikling av aktivitetstilbod og oppfølging av personane i aktivitet må vurderast når ein veit om det kjem ei lovvendring. Ved igangsetting av tiltak må ein forvente ei tilsvarande eller større reduksjon i utbetaling av økonomisk stønad, og ulike avdelingar i kommunen må samarbeide for å finne dei gode løysingane.

### Konsekvensar for folkehelse:

**Positiv for passive stønadsmottakarar**

### Konsekvensar for beredskap:

**Ingen**

### Konsekvensar for drift:

**Meir sakshandsaming**

**Utgifter til etablering og oppfølging av aktivitetsretta tiltak**

Fosnavåg, 25.07.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Berit Lyngstad  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Lyngstad



DET KONGELIGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Høringsinstanser etter liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	14/2105-	04.06.2014

**Høringsbrev – plikt til å stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad – endring i lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen § 20**

Arbeids- og sosialdepartementet viser til vedlagte høringsnotat hvor det foreslås endringer i lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen § 20.

I dag har kommunene rett, men ikke plikt til å stille vilkår ved tildeling av økonomisk stønad, og det er stor variasjon i kommunenes bruk av denne muligheten.

Regjeringen ønsker både økt bruk av vilkår om aktivitet og likere praksis mellom kommunene, og foreslår derfor en lovendring som innebærer at Nav-kontorene får plikt til å stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad med mindre tungtveiende grunner taler mot det.

Frist for å avgi høringsuttalelse er 4. september 2014.

Høringsuttalelsene sendes fortrinnsvis elektronisk til: [postmottak@asd.dep.no](mailto:postmottak@asd.dep.no)

Høringsuttalelser kan også sendes til:

Arbeids- og sosialdepartementet  
Postboks 8019 dep  
0030 Oslo

Med hilsen

Ulf Pedersen (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Heidi Lohrmann  
avdelingsdirektør

## Delegerte saker frå avdelingane

DS 29/14 Søknad om skjenking for uteareal - Madelynn 12.06.2014 00:00:00 Madelynn

Coffee Strand

DS 30/14 Sal av gnr 45 bnr 154 13.08.2014 00:00:00 Henriette Sjøstad og

Stian Varpe Belden

DS 31/14 Sal av tomt 60/430 - Tømrer Prosjekt AS 24.06.2014 00:00:00

Tømrer Prosjekt AS

DS 32/14 Søknad om å ta skjenkeløyve ut av lokale under Maritim

sommardagar - Hotel Neptun 13.06.2014 00:00:00 Hotel neptun AS

DS 33/14 Søknad om endra skjenketid - Madelynn Coffee 27.06.2014

00:00:00 Madelynn Coffee Strand

DS 34/14 Søknad om servering og skjenkeøyve Fosnavåg Rock 16.07.2014

00:00:00 Fosnavåg Rock

Referatsaker

Referatsaker



KULTUR

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/4	Saks.nr. 15
25 AUG. 2014	
Ark kode P	
Ark kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	



Herøy kommune  
ved ordføreren  
Pb 274, 6099 FOSNAVÅG

20. August 2014

## TV-AKSJONEN NRK KIRKENS NØDHJELP 2014 - OPPFØRDRING TIL BIDRAG

Først og fremst ønsker jeg å takke Herøy kommune for støtte til TV-aksjonen NRK i fjor. Samarbeidet med Herøy kommune har lange tradisjoner og er avgjørende i mobiliseringen av innbyggerne til bøssebæring på aksjonsdagen 19. oktober. Over 98 % av Norges kommuner og fylker bidro til TV-aksjonen i fjor. Jeg håper også at Herøy kommune vil gi et pengebidrag til TV-aksjonen NRK Kirkens Nødhjelp 2014.

TV-aksjonen NRK 2014 går til Kirkens Nødhjelp og deres arbeid med å skaffe varig tilgang til rent vann for mennesker verden rundt. Aksjonen går av stabelen søndag 19. oktober. I dag mangler rundt en milliard mennesker tilgang til rent vann. Vann til å drikke og vann til å vaske seg er grunnleggende forutsetninger for liv og helse. Tilgang til rent vann, tilfredsstillende sanitære forhold og kunnskap om hygiene er derfor grunnleggende forutsetninger for enkeltmennesker å ha et godt, verdig liv og for å lindre verdens fattigdom.

Slik bidrar dere:


Pengene som bevilges kan settes inn på kontonummeret nedenfor. Beløpet vil synliggjøres på TV-sendingen 19. oktober. Dersom Herøy kommune allerede har bevilget penger ber vi dere se bort fra denne henvendelsen.

For midler som bevilges kan følgende konto benyttes: 8380.08.09005

Merk innbetalingen med kommunenavn og postnummer. Informasjon om bevilget beløp sendes til fylkesaksjonsleder så tidlig som mulig før aksjonsdagen 19. oktober, og må være innbetalt innen onsdag 15. oktober for å sikre at beløpet blir med på oversikten for deres kommune på TV-aksjonssendingen.

Vi håper dere også i år ønsker å støtte årets TV-aksjon.

Med vennlig hilsen  
TV-aksjonen Kirkens Nødhjelp

  
Marius Hammer  
Fylkesaksjonsleder Møre og Romsdal  
e-post: moreogromsdal@tvaksjonen.no  
tel: 934 11 042